

KUVI301 er ikke evaluert på skjema fra UiB. Dette fordi emnet hadde kun en student. Hans-Jakob Ågotnes har selv vurdert emnet.

EVALUERING AV KUVI301 HAUST 2019

Emnet gjekk første gang med ny studieplan, og det var berre ein student som følgde det. Det nye konseptet har som målsetting at studentane skal tileigna seg evne til kulturvitskapleg analyse. Undervisninga er derfor lagt opp med halvparten forelesning og halvparten seminar. Forelesningane presenterte eit utval teoretiske tilnærmingar, mens seminara skulle brukast til å diskutera utkast til obligatoriske oppgaver, der kvar student skulle analysere eit avgrensa materiale ved hjelp av ei tilnærming.

Sidan emnet berre hadde ein student, fekk forelesingane ei form med innslag av dialog, noko som nok var ein styrke pedagogisk sett. Seminaret kunne derimot ikkje gjennomførast etter intensjonen, då vi ikkje kunne krevja at den eine studenten skulle fylla dei seks seminara med analyseutkast. Vi løyste dette ved å diskutera munnleg ulike moglege analysar ut frå dei ulike teoretiske perspektiv og tenkt materiale.

Det grunnleggande problemet med haustens undervisning var nok at det ikkje var eit studentkollektiv som kunne bera oppe seminarundervisninga. Med fleire ulike framlegg av empirisk analyse av ulike tema (om enn relativt overflatiske) ville den enkelte kunna læra av dei andre, både på eit teoretisk nivå og når det gjeld konkrete idéar til eiga handsaming av materiale.